

---

**Fra:** Kristin Ruud Myking  
**Sendt:** 5. april 2018 14:42  
**Til:** Post Osterøy  
**Kopi:** Gunn Lohne  
**Emne:** Innspel til oppstart, planprogram og Tettstadanalyse

Innspel til planprogram frå Haus og Lonevåg skulemusikklag:

Innspel til Punkt 3. Aktuelle tema og omsyn i planarbeidet spesielt tema: 3.3 å skape eit levande sentrum og punkt 3.4 barn og unge.

Det er ynskjeleg at planprogrammet vurderer eit kulturhus i Lonevåg, dette kjem ikkje heilt tydleg fram i planprogrammet slik me les det .

Det er mange kulturorganisasjonar i Osterøy kommune og kulturlivet blir sett på som ein stor verdi i kommunen.

Eit kulturhus vil skape auke i variasjon av aktivitetstilbod i Lonevåg og vil kunne samle kulturaktivitetar på anna måte enn det gjer i dag.

Konsertlokalar/øvingslokalar i dag er mellom anna ungdomsskulen, barneskular, lokale grendahus og kyrkjer.

Desse er ikkje tilrettelagt for øving/konsertar spesielt. Dei er og for små når det skal arrangerast konsertar/andre arrangement.

Det er difor eit stort ynskje at dette blir ein del av planprogrammet for Lonevåg sentrum.

Med venleg helsing

Kristin Ruud Myking på vegne av Haus og Lonevåg skulemusikklag